

## Barn og unge sin medverknad i barnevernet.

Kunnskapsutvikling i samarbeid mellom  
praksis, brukarar, forskning og utdanning  
gjennom arbeid i forskings sirkel.

---

# Deltakarar i prosjektet

---

- › Tre interkommunale barnevernstjenester ( representerer 10 kommunar)
- › Prosjektleder Berit Marie Njøs(HVL), stipendiat Merete Tunestveit(HVL), mentor og rettleiar Sissel Seim (HVL)
- › Landsforeningen for barnevernsbarn
- › Ungdomar med erfaringar med barnevernet

# Føremålet

---

- › Forskingsprosjektet har hatt som mål å bidra til generell og lokal kunnskap som fører til praksisutvikling om barn og unge si medverknad i barnevernet og i utdanningen av barnevernsarbeidarar.

# Problemstilling

---

Korleis få til barn si deltaking og medverknad?

Korleis få til at det blir del av kulturen og at det «sit i veggane» i barneverntenesta, og i utdanningen?

# Forskingssirkel - modell for fagutvikling og forskning

- › Forskingstilnærming er deltakerbasert aksjonsforskning (Participatory action research, PAR)
- › Deltakarar frå praksisfelt og universitet/høgskule arbeider saman om eit overordna mål – barn sin medverknad i barnevernet
- › Deltakarane har ulike kunnskapar og erfaringar - og møtes for å fordjupe seg i eit tema
- › Kunnskapen skal utvikle seg gjennom samtalar og refleksjon, og ved at erfaringar og kunnskap frå praksis og teori vert kopla
- › Intensjonen er at deltakarane frå praksisfeltet får fleire perspektiv på praksisen sin, og at forskaren får innsikt i den erfaringsbaserte kunnskapen i praksisfeltet
- › Forsknings sirkelen har ei demokratisk utforming der alle partar sine kunnskapar er like viktige - Den erfaringsbaserte kunnskapen frå praksisfeltet er like viktig som den utdanningsrelaterte og den vitenskaplege kunnskapen frå akademien

# Prosesen i forskningssirkelen

- › Varighet: 1 1/2 år, møter på 4 timer ca kvar 6. veke
- › **Oppstartseminar**– fastsette problemstillinger og arbeidsformer
- › **Fase I:** Utgreiing av problemstilling ved hjelp av, forskning og teori, refleksjon og erfaringsutveksling
- › **Midtveisseminar**– oppsummere, velge lokale prosjekt og planlegg fase II:
- › **Fase II:** Gjennomføring av lokale fagutviklingstiltak
- › **Avslutningsseminar:** Oppsummere, evaluere arbeidet og planlegge formidling
- › **Formidling – publisering.**

---

**Korleis kan barn og unge vere involvert i ulike faser av forkinga?**

### **Fase 1:**

Oppstart seminaret til Forskingssirkelen.

Deltakarar frå Landsforeningen for barnevernsbarn deltok med 2 representantar

### **Fase 2:**

Barnevernstjenestene intervjuar lokale barn og ungdomar om deira erfaring med medverknad

Dialogkonferanse med ungdomar 1.gong

### **Fase 3:**

Råda frå dialogkonferansen tilbake til forskingssirkelen

Dialogkonferanse med ungdomar 2. gong



# Barnet si stemme i vår forskingsirkele

---

- Demokratisk vedtak om å ikkje har barn med direkte i forskingsirkele
- Barneverntenestene har intervju sine lokale barn om medverknad og formidla det inn i forskingsirkele
- Dialogkonferanse med ungdomar om medverknad
- Pågåande «Pilotprosjekt» - intervjuundersøking av ungdomar

# Døme på to gutar sine råd til ei barnevernteneste

---

- \* «...det er lurt å snakke med foreldra først for å finne ut kven vi er»
- \* «Vi kan kjøre tur, men ikkje viss vi ikkje kjenner dykk frå før»
- \* «11 år er muligens litt ungt til å skulle snakke med barnevernet om vanskelege ting»

# Råd frå 1. dialogkonferanse med ungdommar om medverknad i barnevernet

---

- Ha meir kontakt og møtast oftare
- Ha same saksbehandlar slik at ein kan bli trygg, spesielt for dei som er unge (yngre barn)
- Vere litt meir ærlege
- La barnet som skal flytte bli godt kjend. Viss barnet ikkje likar den familien, finn ein ny, der barnet kan like seg.
- Vere flinke til å lytte og kunne møtast på halvvegen. Ikkje slik at barnevernet står igjen og seier at slik skal det vere. Vi må få vere med å bestemme og diskutere.



# Råd frå 1. dialogkonferanse med ungdomar om medverknad i barnevernet

---

- Ikkje vere så strenge og seie at vi ikkje får lov til ting. Tilpasse seg meir
- Kome oss i møte.
- Prøve å lytte på kva vi har å seie
- Vere litt fleksible
- Tilpasse beslutningane til korleis tilstanden er - Forklaring: Tilpasse seg til korleis ungdommen er, at vi er ulike.
- Gje grundigare svar, helst litt kjappe.
- Tenke på oss som normale ungar.

# Dei tre viktigaste Råda etter avstemming

---

- «Tenke på oss som normale ungdomar».
- «Lytt til kva vi har å seie»
- «Tilpasse beslutninga til tilstanden, folk er forskjellige»

## Råd til barnevernet frå ungdom 19 år

- *«Ja evnt å ha fått vite kvifor eg måtte flytte. Kanskje fått det repetert og... Ja kanskje ein gong i året, fått det repetert kvifor eg var i fosterheim. Evnt at vi tok eit møte der det var tema. Og korleis eg føler om det. For følelsane vil jo forandre seg for kvart år og alt sånt. Ein tenåring vil jo føle det annleis enn eit mindre barn. Hatt eit møte der ein gjekk gjennom kvifor, og kva eg følte om det.»*



# Råda frå ungdomane vart presentert for barnverntenestene i forskingsirkelen

---

- 1. gang
- 2. gang – inkl dialogkonferanse

## 2. Dialogkonferanse med ungdomane

---

- Tilbakemelding frå diskusjonane og dialogkonferansen i forskingsirkelen
- Tilbakemelding om at råda deira var og skulle presenterast på store konferansar i Noreg og utlandet
- Nye råd til barnevernet



# «Dialog» mellom ungdomar og forskingsirkelen

---

- Ungdomane ville gjerne ha deltatt i eit rådgevande organ for barneverntenesta slik at barneverntenesta kunne verte betre.
- *«Så kan ein jo berre lage grupper slik at folk ikkje kjenner kvarandre, og dei som ikkje vil seie noko dei treng jo ikkje gjere det. Ein må jo sjølv bestemme kor personleg ein vil snakke.» (Jente 17 år)*
- *Eg trur det var meir ein pyntegenstand enn eit faktisk reisep, skal eg vere heilt ærleg (Gut snart 18 år)*
- Barneverntenesta ser dette som problematisk i små kommunar med tanke på teieplikt og at «alle kjenner alle». «Dei ville ikkje ha vore med.»

# Forsking på barrierer for barn sin medverknad i barnevernet

---

- Synet på barnet som sårbart og i behov av beskyttelse  
*(Christiansen 2012, Archard og Skivenes 2009, Healy og Darlington 2009, Vis og Thomas 2009).*
- Barnevernet opplever at dei manglar kompetanse på å snakke med barn  
*(Vis, Holtan og Thomas 2010)*
- Strukturelle forhold som gjer det vanskeleg å bygge relasjonar til barn og unge *(Biljeveld 2013, Paulsen 2016, Strandbu 2011 og 2014, Vis 2010)*
- Barneverntenestene opplever at dei inviterer til *barnevenlege* møter  
*(Pölkeki 2012, Dillon 2016)*

# Barna meir direkte med i neste forskingsirkele

---

- Deltakarane meiner barna kan involverast meir direkte
- Vi trengte alle ein oppvarmingsrunde
- Jfr. ungdomane i forskingsirkele om NAV



# Research - mindedness

---

(Karvinen-Niinikoski 2005)

# Men vi er framleis usikre på korleis vi skulle gjere det

---

- Organisasjonane for barnevernbarn
- Lokale ungdomar
- Oppsøke ei allereie eksisterande gruppe med barn/unge som har erfaring med barnevern